

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Mikro Grønt AS - Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak

ND- 087/21 Vedtak:

Prosjektet *Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Mikrogrønt AS er eit aksjeselskap. Bransje: 01.280 Dyrking av krydder og aromatiske, medisinske og farmasøytiske vekster. Registrert 31.08.2017. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda er grønsaksprodusent, ferdigvareprodusent og produsent av kosttilskot, samt tilbydar av framtidig kurs og innhaldsprodusent. Dei har avtale med ein anerkjent frøleverandør og samarbeidar også med REKO-ringen og Lokalmatringen. Mikrogrønt AS må som følge av pandemien omstille seg og tenke nytt med tanke på nye inntektskjelder og distribusjon av produkta.

Prosjektleveranse/Målsetting

I dette prosjektet vil verksemda byggje opp ein første versjon av ein digital dyrkeskole utforma som ein nettportal som tilbyr digital veiledning i dyrking gjennom ulikt type digitalt innhald. Målet med dette prosjektet er omsetnings- sysselsettingsvekst. Det er også planar om å utvikle ein nettbutikk.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Mikro Grønt AS. Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole	200 000	100 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen.

I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Mikrogrønt_soknad-2021-0084_vedlegg_27 apr 2021	1573590
	(1)	